



Vikøy Sokneråd  
Postboks 39  
5600 Norheimsund

## Referat frå SR i Norheimsund kyrkje 27.august kl.19.00

Frammøtte: Astrid, Solfrid, Brynhild, Helene, Erling, Vetle, Magne, Tove og Gudrun

*Opning: Astrid Rom.12*

**34/24 Godkjenning av innkalling og referat.** Merknad til referatet: Sak 28/24 må fylgjast opp.

**35/24 Orienteringar og evalueringar.**

- Informasjon fra fellesrådet.
  - Kyrkjeverja har vore i møte med kommuneleiinga blant anna om budsjett og økonomi for kyrkja.
  - Installasjonen av videokanona tek litt lenger tid pga.at arbeidet skal gjerast på dugnad.
- Informasjon fra kulturkomiteen:
  - Kulturkveld med Bjørn Sortland 3.september
  - Kulturkveld med Helge Simonnes 2.oktober. Tema: Trump, Gud og kirken. Samarbeid med biblioteket og folkeakademiet. Det er også søkt om støtte fra Norsk Forfatterforum.
  - Kulturkveld med Irene Kinunda Afriye 14.oktober i samarbeid med Kvammaveko.
  - Kulturkveld med Per Øystein Opdal. Fokus på retreat og stillhet. Me ynskjer å ha dette etter nyttår.
- Pilgrimstur til Røldal.
- Innvilga søknader fra Elsa og Svein Iversens legat: Føremiddagstreffet fekk 5000 kr. Dei søkte om støtte til seniortreff for eldre og pilgrimstur til Røldal. Kyrkjeklubben (Øystese) fekk 6000 kr.
- Komiteen for føremiddagstreffa treng to repr.frå Vikøy. Dei som kjenner nokon som kan vera med, må gje beskjed til staben.

**36/24 Sommarkyrkje i Vikøy**

- Kva er erfaringa med sommarkyrkje i Vikøy? Ynskjer me å vidareføra dette?  
**Vedtak:** Pga gode erfaringar og svært godt frammøte (ca.110 og 70) ynskjer SR å ha tre gudstenester i Vikøy kyrkje sommaren 2025: 15.juni, 29.juni og 20.juli. Det er behov for fleire salmebøker desse søndagane. Dei som bur i prestegarden, er positive til å arrangera kyrkjekaffi etter gudstenestene. SR må avtala med dei når det er aktuelt.

**37/24 Gjennomgang av gudstenestelista for hausten.** Me får oversikt over blant anna fordeling av kyrkjevertar, ynske om kyrkjekaffi, trusopplæringstiltak, konfirmantpresentasjon, eventuell søndagsskule og anna.

**Vedtak:** 1.sept.: Kyrkjekaffi, saft og frukt. Astrid kjøper inn frukt.

15.sept.: Søndagsskule?

10.nov.: Kyrkjekaffi med frukt.

17.nov.: Kyrkjesaft m.m. Kyrkjevertane (Solfrid og Erling bestemmer).

15.des.: Pepperkaker og klementiner.

Elles vert det vanleg kaffi/te/kjeks på dei andre gudstenestene som er på dagtid.

**38/24 Offerlista og endringer i denne.** Vi ser behov for at prest får fullmakt til å gjøre endringer i offerlista ved behov, for eksempel dersom vi får besøk av misjonsorganisasjoner som ønsker å bidra inn i gudstjenesten.

**Vedtak:** SR delegerer offerlista til prest.

**39/24 Vennefest.** Informasjon om Vennefesten 31.oktober. Idemyldring og ansvarsfordeling.

**Vedtak:** Fleire i SR ynskjer å vera med. Solfrid har notert ned namna på dei aktuelle og tek kontakt når det nærmar seg.

**40/24 Prosjekt: Fellesmiddagar i kyrkja.** Me treng ein komité til dette prosjektet. Kven ynskjer å bidra?

**Vedtak:** SR ynskjer å arrangera fellesmiddagar i kyrkja tre gonger i haust. Komité: Lina Lyngset, Brynhild, Tove og Atle Naterstad. Tove dreg i gang komitéen, og medlemene der bestemmer datoane. Praktisk hjelp til gjennomføring: Magne, Erling og Gudrun. Ein startar med å invitera familiane i dei to barnehagane.

**41/24 Årshjul og møteplan for soknerådet.** Kva tema/ansvarsområde ynskjer me å ta opp i soknerådet til ulike tider av året?

**Vedtak:** SR må ha hovudoppgåvene trusopplæring, diakoni og kyrkjemusikk som tema.

22.okt. kjem trusopplærarane på soknerådsmøtet. Vetle sender innkalling til dei. Trusopplæringsplanen må verta send ut saman med innkallinga.

12.nov. vert temaet diakoni/frivillegheit.

**42/24 Økonomisk halvårsrapport for Vikøy sokn ved Erling, kasserar.**

**Vedtak:** Vikøy sokn har ein sunn og sårbar økonomi.

**43/24 Eventuelt**

27.sept kjem biskop Ragnhild og skal opna Dialektfestivalen [Dialektfestival i Strandebram](#)

Neste SR vert 22.okt kl.19: Opning ved Magne og mat ved Brynhild

Gudrun Skeie Langeland, skrivar